



Sveinung Toffing
Soltveitvegen 15
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8745 - 21/86339

Saksbehandlar:
Atle Magne Strandos
atle.magne.strandos@alver.kommune.n
o

Dato:
20.12.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 133/1 Soltveit søndre

Tiltak: Reidskapshus/garasje
Byggjestad: Gbnr: 133/1
Tiltakshavar: Sveinung Toffing
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.10.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Området der bygget er søkt oppført er i vedtatt kommuneplan avsett som «eksisterande bustadområde». Søknaden er i strid med vedtatt kommuneplan på fleire områder. Før den kan handsamast må det søkjast om dispensasjon og søknaden må supplerast med følgjande dokumentasjon:

1. Det må søkjast om dispensasjon frå føremålsbruken i vedtatt kommuneplan. Oppføring av garasje/reiskapshus på 120 m² er ikkje i samsvar med regulert «bustadføremål». Storleiken på bygget er langt over det som gjeld for garasje til bustad.
2. Sidan bygget ikkje er i samsvar med arealbruken i vedtatt kommuneplan må det også søkjast om dispensasjon frå plankrav (krav om å utarbeide eigen reguleringsplan for tiltaket/området).
3. I fylgje kommuneplanen er maks tillate bruksareal (BRA) for eigedomen sett til 400 m²-. Det må leggjast fram ei berekning av samla BRA for eksisterande og ny bygningsmasse på eigedomen. Dersom denne syner at samla BRA overstig 400 m², må det søkjast dispensasjon frå vedtatt kommuneplan.

Reglar for søknad og handsaming av dispensasjon fylgjer av plan- og bygningslova §§ 19-1 og 19-2. Søknad om dispensasjon må nabovarslast.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan 31.01.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Atle Magne Strandos
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sveinung Toffing

Soltveitvegen 15

5911 ALVERSUND